



Stord-Fitjar Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



ÅRSMELDING 2017

Styret: Leiar: Gerda Øen, Nestleiar: Svein Birkeland, Skrivar: Marit Sætre Cruickshanks, Kasserar: Jarle Nakken, Bjørn Helle (Lundastølen)
Varamedlemmer; Inga Helland Lunde, Unni Gudmundsen

Samt 1 medlem frå kvar av gruppene.

Topptrimnemnda: Leiar: Siv Kvalsvik, Medlem: Laila Thorland Innvær, Kristin Vatna Vik, Kjetil Gundegjerde, Odd Lars Huseth

Tur og dugnadsnemnda: Leiar: Svein Birkeland, Medlem: Laila Engelsen, Toril Sundby, Kurt Grundvold, Wenke Åse, Jostein Angeltveit, Marta Engevik og Arne Haugland

Natur-og miljøutval: Medlem: Leiar: Birger Taranger, Magne Sandvik, Harald Stautland

Barnas Turlag: Leiar: Guttorm Fjose, Medlem: Wenke Åse, Stein Aaserud, Cecilie Emmerhoff Andersen, Odd Ingvar Ur, Andreas Arne

Seniorgruppa: Leiar: Frank Breistein, Otto Holm, Stein Kyvik, Bjørn Helle, Anne Kristin Eldøy, Helge Grov, Per Audun Kloster og Halfdan Tesdal

Revisor: Erling Prestbø

Valnemd: Wenche Nygård, Svein Nipen Kjell Vestrheim

Årsmelding Stord Fitjar Turlag 2017

Forrutan Årsmøte har me i 2017 hatt 7 styremøter og eit ope lagsmøte. På Årsmøtet hadde me besøk av Organisasjonssekretær Trude Iversen, og på lagsmøtet hadde me Jan Rabben som viste lysbilder.

To planlagde turar vart avlyst pga. dårleg vær. Sykkeltur på Rallarvegen vart avlyst avdi der var for få påmeldte. Elles så gjekk alle turar etter planen. Me har i år hatt 8 såkalla Spontanturar. Det er turar som vert lyst ut på kort varsel på Facebook etter værmeldingane. Dette har vert svært vellukka. Me har ikkje hatt nokon rapporterte uhell eller skader på årets turar.

Jarle Hevrøy haldt merkingskurs for 9 personar på Fitjar. Frank Breistein har kursa enkelte i Office 365. Gerda og Jan Ove har delteke på Førstehjelpskurs for Sommarturleiarar på Bømlo og Frank, Siv, Kjetil, Wenke, Unni og Gerda deltok på kurs i Sjekk Ut.

Turlaget har hatt tre STORE prosjekt i år. Det er utarbeidd eit nytt Turkart med målestokk 1:25000. Det har vert mykje møtevirksomhet og dugnad i samband med det. Me har fått eit flott resultat, Per Audun Kloster var prosjektleiar. I den samanheng vart alle dei merka Turrutene våre lagt ut på UT.no .

Me har bygd og ferdigstilt to flotte Gapahukar. Ein v. Stuavikjo v. Ådlandsvatnet, og ein v. Kidnavatnet i Fitjar. Det har vert fleire møter og stor dugnadsinnsats ved begge prosjekta. Arne Haugland og Stein Kyvik var prosjektleiar v Stuavikjo, og Toralv Røen ved Kidnavatnet.

Årets Opptur gjekk fint og utan Uhell. 40 frivillige deltok.

Stord Topp Åtte vart vellukka gjennomført. 560 personar fullførte mot 540 året før.

Me har hatt 33 Telltursmål på Øya. 12 i Fitjar og 21 på Stord. 853 registrerte brukarar på Stord og 444 brukarar i Fitjar. Meir enn 100 fleire enn året før.

Den 20. og siste Topptrimmen ha gått av stabelen. I år hadde me 98 innleverte kort, mot 157 året før. 14 personar har fullført Topptrimmen alle 20 år og vil verte premierte for det.

Også i år har fleire grupper og einskildpersonar jobba godt med merking og skilting i Stord og Fitjar fjellet. Særleg i Fitjarfjellet er der gjort ein stor jobb og

200 nye grønne skilt ligg no klare for å verte utplassert. Arbeid med skiltplan på Stordsida er i gang, og me har fått støtte til 200 nye skilt også her. Fleire nye skilt, vardar og pinnar med raud topp er komt på plass både i Stord og Fitjar i 2017.

Dugnadsgruppa har hatt to vellukka søndagsdugnader. I mars gjorde 12 personar ferdig «bru» på austsida av Vaulane. I oktober vart det lagt ut flaker og bru på våte parti v Svartavatnet.

66 sekker ved vart i løpet av 3-4 dagar bore opp til Tårnet.

Gapahukane Turlaget eig vert sett til og halde i hevd. Lundarstølen og Tårnet vert sett til og halde i hevd.

Dugnadsinnsatsen er veldig bra, me har bokført 7519,5 time i 2017, det tilsvarer 4,3 Årsverk!

Turlaget har hatt mykje GOD medieomtale både i Sunnhordland og på Stord Nytt, og me er takknemlige for det.

Gerda Øen representerte Turlaget på Landsmøtet i Kristiansand. Gerda Øen og Svein Birkeland deltok på Fellesmøte i Bergen og Hordaland Turlag på Os. Gerda Øen og Marit Cruickshanks har delteke på to møter i Bergen. Frank Breistein har delteke på eit møte i Bergen. Gerda har også delteke på tre nettmøter. Wenke Åse og Gerda Øen har vist lysbilder og snakka om Turlaget i Kreftforeningen.

Reidar Lunde jobbar mot kommunen for betre parkeringstilhøve på Heiane.

Me har og starta førebuing av neste års prosjekt som er opprydning v hjelp av Sherpaer i Steinasmøget. Der vil og komme nokre trappetrinn i Tyseskaret. Sherpaene kjem i siste halvdel av April. Reidar Lunde er prosjektleiar og han har med seg Arne Haugland, Stein Kyvik og Frank Breistein.

Medlemstalet var pr 1.januar 1187 mot 1110 året før.

Eg takkar for nok eit inspirerende år saman med utruleg mange flotte turgåarar, tillittsfolk og dugnadsfolk i Stord Fitjar Turlag.

Lat oss fortsatt legge til rette for, og inspirere og inkludere folk til sundt og godt samvær i Stord Fitjar Turlag.

Stord 3. januar 2018

Økonomi: Økonomien i SFT er god, viser til rekneskapen.

Årsmelding Topptrimgruppa/Telltur 2017

Topptrimmen:

I 2017 var desse toppane turmål: Mehammarsåta, Utslettefjellet, Landasåta, Prestavarden og Tindaslottet.

Det vart selt til saman 143 kort. Av desse vart det levert inn 98 kort. Av desse igjen er 8 deltakarar for første gong. Av tabellen ser ein at det har vore ein tydeleg nedgong i talet på deltakarar dei siste åra, men likevel overraskande høgt i 2017-sesongen med tanke på at det var siste sesong.

År:	Selde kort:	Innleverte kort:	1.gongs deltakarar:
2014	348	154	37
2015	216	138	12
2016	240	157	23
2017	143	98	8

Det er 14 personar som har fullført topptrimmen alle desse 20 åra. Desse vil me premiera med boka «Ville blommar i Sunnhordland», av Jan Rabben og Kari Lønning Aarø, saman med eit diplom. Desse er:

Angunn Bårdsen, Svein Bårdsen, Arne Devik, Ingrid Devik, Inger C.Fitjar, Stein Grindstad, Arne Haugland, Siv Kvalsvik,

Odd Gunnar Larsen, Kåre Roaldkvam, Signy Roaldkvam, Synnøve Rydland, Magne Sakseid, Harriet Tverderøy

Topptrimmen vart arrangert for første gong i 1998, så dette er 20 og siste sesong. Telltur og andre digitale ordningar er framtida.

Telltur:

Topptrimgruppa fekk i 2017 ansvar for den praktiske organiseringa av TellTur, og me ser på TellTur som ei naturleg vidareføring av turmålorganisering i distriktet vårt. TellTur har hatt ein stor auke i aktiviteten og det er registrert nesten 1300 deltakarar i 2017.

TellTur er friluftsråda sitt elektroniske system for turregistrering, og samarbeider med dei lokale turlaga. I Stord og Fitjar er det tredje året TellTur har vore i gong. Stord har hatt 21 turmål, Fitjar 12, altså 33 på heile øya.

Friluftsrådet Vest premierer dei som har tatt alle postane. Dei som har meir enn 50 ulike turar får eit krus, og dei med over 100 får termos. Elles er det pengepremiar mellom dei ulike aldersklassane. Stord kommune trekker ut 10 tilfeldige blant alle dei 62 som har alle turane i Stord og Fitjar og dei får det nye turkartet over øya.

Stord kommune har trekt ut to vinnarar av gåvekort. Eit gåvekort på 1000 kr trekt blant dei som har alle turane i Stord gjekk til Aud Brandsdal. Eit gåvekort på 500 kr er trekt blant alle registrerte og gjekk til Anne-Brith Husevik. Dei ti som får turkart er: anne-beth, Magne Sakseid, Hanne79, Dag Erik Vik, Elisabeth Kjærland, kjellartrollet, aud lillian, IngerLk, Wenke Åse, Geir T.

Fitjar kommune har trekt eit gåvekort på kr. 500 og vinnar her er Terje Tranøy.

Som det går fram av tabellen under var det i Stord og Fitjar tilsaman 1297 registrerte brukarar i år, det er meir enn hundre fleire enn i fjor. I år var det 81 personar som tok alle 21 turmåla i Stord og heile 98 som tok alle i Fitjar. Ein god auke ser me i tal personar som tok alle måla på Stordøya under eitt, heile 62 personar mot 49 i fjor.

År	Heile friluftsrådet vest	Registrerte i Stord/Fitjar	Registrerte i Stord	Registrerte i Fitjar	Tatt alle mål i Stord	Tatt alle i Fitjar	Tatt alle mål i Stord/Fitjar	Tatt alle i friluftsrådet vest
2016	3.070	1192	840	352	90	76	49	14 (134 mål)
2017	3.100	1297	853	444	81	98	62	19 (138 mål)

TellTur-statistikken elles viser at det i Stord er 220 personar som har 10 turar eller fleire og 108 i Fitjar som har gått 10 turar eller fleire. 19 personar har tatt alle dei 138 turmåla som har vore lagt ut, blant dei er det 4 frå Stord: Lars Helge Westerheim, Anders Ekse, Erling Lidal og Siv Miljeteig.

Årsmelding Tur- og Dugnadsgruppen 2017

Gruppen har hatt 2 møter angående turene for året 2018 og en del avklaringer på telefon og mail.

Turene er innmeldt for nett og brosjyre. Noen stier er blitt vedlikeholdt, men mange gjenstår og trenger derfor faddere.

Ellers har det også i 2017 blitt utført 2 større dugnader i regi av gruppen: I vår ble gangstien ved Vaulane oppgradert kraftig. 9 personer utførte bra arbeid dugnadsdagen, men det ble og utført en del arbeid dagene før og etter. I oktober var 13 personer i sving ved Svartavatnet og låg då ut over 20 planker/flak (av ikke-impregnerte materiale) med not på deler av stien der, til glede for fitjarbuen og andre turgåere. På forhånd var mye godt arbeid utført i lånt verkstad for å gjøre alt klart til den «store» dagen!

I alt har gruppen vært med og arrangert 16 (mot 15 året før) turer i og rundt Sunnhordlandsbassenget. Ellers har jo ivrige turgåere hatt spontanturer, via Facebook, når været har fristet til det. Og det spørs om ikke akkurat dette har fremtiden for seg. Ikke minst når en ser at bl.a. været har gjort at oppsatte turer er blitt avlyst! Nemlig Midtsommerturen på Stordfjellet og turen til Kvinnherad. Sykkelturen på Rallarvegen og turen til Oksen ble begge avlyst pga manglende påmelding.

Gudstjenesten i Fitjar-fjellet hadde om lag 70 deltakere, og 13 av de gikk turen over Beinatjønnsvarden etter gudstjenesten. Og gudstjenesten som var tenkt på Stovegolvet, ble flyttet til Lundarstøl pga været. Her deltok 33 personer. Nedgang av deltakere begge plasser, men så ble jo åpningen av Fossatrappo (Sherpa-trappene) samtidig som gudstjenesten.

Sist år prøvde vi igjen med kjøretur til Kattnakken for personer med «rørslehemming». De 23 som benyttet muligheten var veldig fornøyde, og våre 2 turansvarlig gjorde en svært god jobb og fikk profilert arrangementet i lokalavisen, men kunne nok ønsket flere deltakere.

Medlemmer av gruppen var sammen med andre som lagde grøfter og la om stien til Steingjelsheddo, tross snø, dagane før 8. klassene skulle på sin Topp-tur. Også under selve klasseseturen hadde gruppen medlemmer på dugnad.

Peder Lundarstøls marsjen hadde kun 20 deltakere på turen opp fra Vabakkjen, men underholdningen og serveringen på Lundarstøl var topp! I 2018 blir dette Turlagets satsing for å vise at Den norske Turistforening er 150 år dette året!

21 deltakere var og med våre 2 turledere på Hardangervidda sist sommer. Slike turer viser seg å være populære og hadde deltakere både fra Oslo- og Bergenskanten. Kypros-turen, dvs. sydenturer, er og populære, og her var 30 deltakere med!

Den faste høst-turen, Stord på langs, har og mange deltakere, nemlig 47, 48 sist, pluss våre turledere.

I alt var 424 personer «ute å gikk» med gruppens kunngjorte turer. Altså noe ned fra året før, men kan være grunnet de avlyste turene. Deltakere på «Bli-kjent» turene i forbindelse med 8-Topp turen er som før med i tallet, men selvsagt ikkje den nevnte Topp-turen!

Til slutt vil gruppen få takke medlemmer utenfor gruppen som har vært med og arrangert turer for hovedlaget i 2017!

Årsmelding Natur-og miljøutval 2017

Utvalet sine medlemmar er Harald Stautland, Magne Sandvik og Birger Taranger.

Sidan siste årsmøte har det ikkje vore aktuelle miljøsaker som det har vore naturleg for utvalet å engasjera seg i, og me har difor ikkje hatt møte denne perioden. Kor vidt utvalet bør ta opp spørsmål kring turlaget sine egne miljøavtrykk, blir det kanskje opp til styret eller årsmøtet å avgjera.

For utvalet

Birger Taranger
leiar

Årsmelding Barnas turlag Stord/Fitjar 2017

Styret i Barnas Turlag har i 2017 bestått av Guttorm Fjose, leiar, Wenke Åse, Andreas Sumstad Arne, Cecilie Emmerhof Andersen, Stein Åserud og Odd Ingvard Ur.

Det er avholdt 6 møter og 2 prøveturar.

Kom Deg Ut dagane vart vellukka gjennomført. Dårleg vær i februar, men likevel møtte om lag 300 personar på Lundarstøl. Flott vær i september og meir enn 500 møtte opp.

Me har arrangert ein overnattingstur til Lundarstøl med 13 deltakarar.

Me har hatt lommeløkttur m om lag 100 deltakarar.

Kanoturen hadde 30 deltakarar og turane til Røyrtjødno og Skårafjellssåta hadde tilsaman 57 deltakarar.

Me var medarrangør på tur i Friluftslivsfestivalen der om lag 250 deltok

Årsmelding Seniorgruppa 2017

Desse har vore tillitsvalde i Seniorgruppa 2017:

Leiar: Frank Breistein, Nestleiar: Otto Holm, Skrivar: Anne Kristin Eldøy. Aktiv til 100 ansvarleg: Stein Kyvik.

Styremedlemmer: Helge Grov, Bjørn Helle, Per Audun Kloster, Halfdan Tesdal

Leiar i seniorgruppa har deltatt på styremøte i hovedlaget.

Styret har hatt 7 møter. Der er det utarbeidd turprogram for 2018.

Ingen registrerte skader i 2017.

I 2017 har det vore innført obligatorisk skriftleg risikovurdering på alle turar. Stort sett etterlevd. Arbeider vidare med dette i 2018.

Styret har vedtatt å undersøkje om det er interesse for å starta 2 nye «Aktiv til 100» grupper, ei knytt til gapahuken i Stuvavikjo og ei knytt til Fitjar. For gruppa knytt til Stuvavikjo, er det ein føresetnad at den ikkje konkurrerer med gruppa knytt til gapahuken i Skjephaugen.

Totalt har det vore 929 med på turane i 2017 mot 1079 i 2016 , eit snitt på 42 mot 49 i 2016. Nedgangen skuldast truleg dårleg ver.

Onsdagstur

Onsdagsturane har også i år vore populære med deltakarar med ulik bakgrunn og føresetnad. Det var lagt vekt på å ha turar med forskjellig gradering slik at deltakarane sjølv kan velja kva for ein tur ein er med på utifrå sine føresetnad. Forutan onsdagsturane har det i 2017 vore arrangert overnattingstur i Bergsdalen og utanlands tur til Andalucia.

Seniorgruppa assisterte også i år ungdomskulane i Stord og Fitjar Kommune med «Opptur», ein dagstur til fjells. Turen gjekk som vanleg til Stengjelsheddo, ned til Vaulane og derifrå ned til kraftstasjonen. Nær 50 seniorar var her engasjerte som turleiarar, vaktar i terrenget og som arrangørstab.

Avslutningsturen i vårsesongen gjekk til Skorpo og Trodlaholo med samling i Laukhamar Fritid. Årsavslutninga var i Fitjar der det var arrangert historisk vandring med avslutninga i Fitjar Kulturhus.

Seniortur i Bergsdalen.

Siste veka i august var det overnattingstur i Bergsdalen frå måndag til torsdag i Bergsdalshytta og med servering av Bergsdalstunet. 3 dagsturar gjekk frå Småbrekke til Gullhorgabu TH, frå Hamlagrøosen til Vending TH og frå Hodnaberg til Kjellandsbu TH. 20 deltakarar hadde fine tur dagar med allsong på hyttene. 2 av deltakarane var gjester frå Stavanger TF som gav SFT ros for godt miljø og god mottaking av gjestene. Turleiar: Frank Breistein.

Seniortur til Andalucia

I oktober var det 7 dagars utanlandstur til Andalucia i Spania for 35 deltakarar. Etter ei overnatting i Malaga bar det med buss til Capileira på 1432 moh. Herifrå var det 3 dagsturar i området, dei 2 første i fantastisk ver. Framstøyten mot Mulhacen, høgste fjell i Spania, vart erstatta av lokal tur grunna dårleg værmelding. Så gjekk turen til Granada via Trevezes der det var omvising i skinkefabrikken med smaksprøvar. I Granada var det omvising i gamlebyen med guide. Avslutningsdagen var det omvising i Alhambra, muslimane sin by og festning med slottet som ein verdskjent attraksjon. Dette var ein svært vellukka tur både med omsyn til fotturar og kulturell oppleving. Turleiarar: Birger Taranger og Anne Kristin Eldøy.

Aktiv til 100

Turane med Aktiv til 100 har gått svært bra takka vera ein trufast gjeng turvertar. Det har vore laga til 22 turar i 2017 med Gapahuken i Skjephaugen som turmål. I snitt har 30 deltakarar vore med på desse turane.

Det er svært bra at så mange vil vera turvertar. Spesielt lyt nemnast dei faste vertane: Kjell og Marie Aasheim, Hans Christian Junge og Jonas Eldøy. Som avslutning på vårsesongen vart det laga til tur til Visnes på Karmøy med omvising på kobberverket der, Vigsnes Kobbergruver, ein svært interessant historisk tur . Årsavslutninga var som vanleg grautfest i Gapahuken i Skjephaugen, ein stemningsfull tradisjon.

Dugnad

Medlemmer i seniorgruppa har vore svært aktive i dugnadsarbeid med bygging av dei nye gapahukane ved Kidnavatnet og ved Ådlandsvatnet. Arbeidet var godt organisert og gjennomført.

Stien Sjoalemyra – Grov vart gjort ferdig på nyåret.

I 2017 vart det innført eit nytt turmerke då skalaen for gull var sprengd. Det nye merket heiter «gull med heider» og blir tildelt for 150 turar.

I 2017 var det 3 som hadde oppnådd 150 turar og fekk gull med heider, 6 som hadde oppnådd 100 turar og fekk gullmerke, 1 hadde oppnådd 75 og fekk sølv, medan det var 6 som hadde oppnådd 50 og fekk bronse.

Styret takkar

Styret i Stord-Fitjar turlag ynskjer å takke alle god medspelarar i 2017 for eit innhaldsrikt år med mange gode aktivitetar. Takk til alle flotte dugnadsfolk og frivillige. Og ikkje minst takk til alle som har vore med på turar, takk for gode opplevingar og mykje moro.

STORD, 31. januar 2018

For styret i Stord Fitjar Turlag

Marit S. Cruickshanks